



Tiltaksstrategi og retningslinjer for skogbruket i Seljord 2019

Strategien omhandler tilskot etter fylgjande ordningar:

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

- Skogkulturtiltak
- Særlege miljøomsyn
- Andre nærings og miljøtiltak

Bakgrunn

I samsvar med Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3 : " Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med Fylkesmannen, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt".

Tiltaksstrategien for skogbruk i Seljord er retningsgivande for årleg fordeling og prioriteringar av NMSK – midlar

Fylgjande møte i møte mellom næringskontoret og faglaga den 15.03.2019

Seljord bondelag: Turid Opsund

Åmotsdal Sau og geit: Bjørn Arve Nordbø og Håvard Jønnardalen

Flatdal Sau og geit: Gunleik Mæland

Seljord og Telemark Bonde- og Småbrukarlag : Sondre Aasan

Seljord skogeigarlag: Inger Frydenlund Bugge

Frå administrasjonen: Torunn Raftevold Rue og Knut Olav Heddejord

Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval – E-post møte 23.04.2019

Plan, miljø og teknisk utval godkjenner tiltaksstrategi og retningslinjer for skogbruket i Seljord 2019.

Søknadsfrist

Søknadsfrist 1. november 2019.

Lovverk: Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket Forskrift om bærekraftig skogbruk

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

"Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket sin formålsparagraf seier fylgjande: " Formålet med tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut fra regionale og lokale prioriteringer blir stimulert til økt verdiskapning i skogbruket, samtidig som miljøverdier knyttet til biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivaretatt og videreutviklet. "

"Tilskudd kan gis til alle skogeiere som har mer enn 10 dekar produktiv skog. Grensen på 10 dekar kan fravikes hvis søknadene gjelder tiltak i samarbeid mellom flere eiendommer.

Det er kommunene som har saksbehandlingsansvaret for tilskuddene, og som lager retningslinjer for tilskudd.

Retningslinjene utarbeides i dialog med Fylkesmannen og de lokale næringsorganisasjonene i skogbruket. Det kan settes vilkår for utbetaling av tilskudd i den enkelte sak. Vilkårene må være i samsvar med tiltakenes formål."

Kommunen kan gje tilskot til:

- Skogkultur
- Miljøtiltak
- Tiltak som har som mål å auke aktiviteten og ressursutnyttinga frå skogen

Det blir ikkje gjeve tilskot til bruk av kjemiske midlar, kjøp av utstyr eller til tiltak som ved uttak av virke ikkje gjev overskot.

Informasjon om Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) :

- Seljord kommune informerer aktuelle skogeigarar om årets NMSK-pott, tilskotstak, tilskotssatsar, søknadsfrist 01.november via Vest Telemark Blad og <http://seljord.kommune.no/>

Retningslinjer for tildeling av tilskot

- Vedtak om tildeling av tilskot etter §§ 4, 6 og 8, 2. ledd i forskrifta vert fatta av kommunen
- Vedtak om tildeling etter §§ 5, 7 og 8 1. ledd i forskrifta vert fatta av Fylkesmannen
- Det nyttast søknadsskjema utarbeida av Landbruksdirektoratet.
- Søknadsfrist for tilskot er 1. november for utbetaling same år
- Om tilskotspotten gjeng tom i løpet av året er det fyrst til mølla prinsippet som gjeld
- Kontrollere at tiltak blir gjennomført i tråd med føresetnadene. Minst 10 % av skogkulturtiltaka, miljøtiltaka og andre tiltak som blir finansiert med tilskot og/eller skogfond skal kontrollerast.

Krav til søknaden

- Søkjar skal bruke standard søknadsskjema frå Landbruksdirektoratet
- Dei ulike søknadsskjema kan ein få frå næringskontoret eller dei kan lastas ned frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/skjema>

- Alle søknader om tilskot må vera levert kommunen seinast 1. november for utbetaling i 2019
- Fristen for å få tilskot i samsvar med Forskrift om skogfond o.a § 12. "Nærmare om utbetaling Spesifiserte krav om utbetaling frå skogfondet skal sendast til kommunen seinast 1 - eitt - år frå utgangen av det kalenderåret investeringa blei gjort. Alle krav om utbetaling skal vere tilstrekkeleg dokumentert og skogeigaren har plikt til å leggje fram den dokumentasjonen kommunen ber om."

Godkjente satsar for eigeninnsats:

- Eigeninnsats nyplanting 4,50 pr. stk.
- Eigeninnsats suppleringsplanting 5,50 pr. stk.
- Eigeninnsats ungskogopleie 350 kr timen, maks 700 kr pr. daa.
- Eigeninnsats stammekvisting 350 kr timen, maks 700 kr pr. daa.

Mål og prioritert satsingsområde 2019 er:

2019 er eit viktig år for skogbruket i Seljord sidan ny områdetakst blei levert i 2017. Fylkesmannen har tildelt Seljord kommune 50.000 i NMSK-tilskot. Håpet er at nye skogbruksplanar vil utløyse auka aktivitet i skogen både ved hogst og fleire tiltak innafor skogkultur.

Forynging og stell av skog:

Det skal vidareførast ein stor innsats i form av rettleiing til skogeigarar gjennom blant anna skogkulturprosjekt til AT-Skog (2019/415 Søknad om tilskot til faghjelp for oppsøkande verksemd skogkultur 2019 - AT Skog). Etter søknad løyver Seljord kommune med dette inntil 20.000 kr av skogfondsrentemidlane 2019 til AT-Skog for oppsøkjande verksemd skogkultur. Vilkår for utbetaling er innlevert timelister med spesifikasjonar på kven i Seljord som har fått faghjelp skogkultur av AT-Skog.

Mål for forynging og stell av skog:

- Sikre at ein oppnår tilfredsstillande forynging etter tømmerhogst
- Utføre meir ungskogopleie/ avstandsregulering

Skogbruksmidlane forvaltast slik i 2019

Som skogeigar skal du sørge for tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst, og sjå til at det er samsvar mellom hogstform og foryngingsmetode. Dersom forynginga skal skje ved planting er det normalt et krav om å utføre planting innan tre år. Dette ansvaret fylgjer av skogbrukslovens § 6 og forskrift om berekraftig skogbruk, §§ 6 - 8.

Adminstrasjonen og faglaga er difor einige om at det no er tidspunktet for å fjerne tilskot til planting.

Skogkulturtiltak	Tilskotssats
MARKBEREDNING (101)	30 %
PLANTEKJØP (110)	0 %
NYPLANTING (120)	0 %
SUPPLERINGSPLANTING (130)	0 %
MEK. ETTERARBEID (131)	40%
KJEM.BEH. ETTERARB. (132)	0 %
AVSTANDSREGULERING (133)	40 %

Tilskotssatsane vert vurdert årleg av administrasjonen i samråd med faglaga i Seljord.

Ungskogpleie/avstandsregulering er i tillegg til forynging den viktigaste oppgåva for å sikre høg kvalitet på framtidsskogen. Satsen for ungsogpleie/avstandsregulering er difor på 40 prosent.

Tilskotssatsane vert vurdert årleg av administrasjonen i samråd med faglaga i Seljord.

Tilskot skogkultur i 2019

1	NMSK-TILSKOT	50 000
2	KOMMUNALE TILSKOT	0
3	TILSKOT FOND/LEGAT	0